



Jobbnorge-ID: 67895
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Forskar i arktisk molekylær mikrobiell økologi - mellombels stilling

Ved Institutt for biologi (<http://www.uib.no/bio>) er det frå 1. september 2010 ledig ei mellombels stilling som forskar i arktisk molekylær mikrobiell økologi for 2,5 år, knytt til Senter for geobiologi (CGB) (<http://www.uib.no/geobio>).

Stillinga er knytt til prosjektet "Long Term Carbon Storage in Cryoturbated Arctic Soils" (CryoCARB), finansiert av The European Science Foundation PolarClimate initiativ/ Forskingsrådet (<http://www.esf.org/research-areas/european-polar-board-epb/polarclimate.html>)

Forskningsprosjektet CryoCARB representerer eit multinasjonalt samarbeid mellom grupper frå 8 europeiske land og Russland, og vil nytte ein tverrfagleg strategi for å ta opp avgjerande og viktige spørsmål som knyter cryo-omrørt arktisk jord til global karbonsyklus. Eit så omfattande føretak, som spenner frå molekylær mikrobiologi til karbonregistrering på landskapsnivå og modellering av circum-arktisk karbonlagring under framtidige klimatilhøve, er ny og har ikkje vore gjennomført nokon stad i Arktis tidlegare.

Organisk karbon i jord (SOC) i Arktis er mellom dei største globale karbonlager som finst og det er sårbart for klimaendringar. Ein stor del av dette SOC er lagra i organisk materiale i cryosol som er transportert ned i djupare jordlag. Det tyder på at cryo-omrøring (dvs. blanding av jordlag ved frysing og tining) er ein av dei viktigaste mekanismene for å binde opp karbon i Arktis.

Ein vellukka kandidat skal kunne gje omfattande analysar av mikrobiell samfunnsstruktur i permafrost jord i ulike geografiske regionar, og i modellforsøk i laboratoriet ved å nytte "state-of-the-art" RNA pyrosekvensering og bioinformatikk verkty. Den som vert tilsett, skal delta i felles feltarbeid med prøvetaking i Sibir. RNA-amplikon og metatranskriptom teknologi vil verte nytta for å bestemme struktur og diversitet i mikrobielle samfunn. Analyse av pyrosekvenseringsdata ved bruk av bioinformatikk vil verte ei sentral oppgåve. Forskaren er venta å fremje CGB sin kompetanse i bioinformatikk og i bruk av molekylære metodar.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til Vigdis Torsvik, e-mail vigdis.torsvik@bio.uib.no eller Tim Urich, e-mail tim.urich@univie.ac.at

Søkjarar må ha oppnådd norsk doktorgrad eller tilsvarande utanlandsk utdanning innan relevante fagfelt, eller ha levert doktoravhandlinga si til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at avhandlinga er godkjend før tilsetjing kan skje.

Vi søker ein høgt motivert forskar med interesse for internasjonalt samarbeid. Søkjarar skal ha sterk bakgrunn innan mikrobiell økologi og samfunnsanalyse og dessutan bruk av bioinformatikk. Søkjarar med kunnskap og erfaring i analyse av 454 pyrosekvenseringsdata (16S rRNA amplikon-tag sekvensering og/eller metatranskriptomikk) vil verte føretrekte. Kunnskapar og eksperimentell erfaring innan mikrobiell jordøkologi er ynskjeleg. Den som vert tilsett, må pårekne deltaking i internasjonale landbaserte feltstudiar i Sibir og i felles internasjonale eksperiment.

Gode evner til munnleg og skriftleg engelsk framstilling er naudsynt. Kandidaten vert oppmuntra til å fremje sine eigne forskningsinteresser så sant dei er innanfor prosjektet sine målsetjingar og rammer. Stillinga omfattar lengre tids forskingsopphald ved Department of Genetics in Ecology, University of Vienna (Austerrike).

Løn etter lønnssteg 57 (kode 1109/LR 24.1) i staten sitt regulativ ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønnsteg 57-64). For særleg kvalifiserte søkjarar kan det vurderast høgare løn.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad skal sendast elektronisk vi lenkje på denne sida. "SØK PÅ JOBBEN"

Søknaden skal innehalde CV med liste over faglege publikasjonar og presentasjonar, kopi av vitnemål/karakterutskrift og kopi av publikasjonar.

I tillegg skal søknaden innehalde ei kort utgreiing om søkjaren sine forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga, og dessutan namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar.

Søknaden skal merkast : 2010/6131

Søknadsfrist: 9. juli 2010

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: